

Protokoll for anskaffingar mellom 100 000 og 500 000 kroner eks. mva.

Protokollen skal utdjupe alle vesentlege forhold og viktige avgjersler gjennom heile anskaffingsprosessen. Protokollen skal minst innehalde følgjande opplysningar:

1.1 Verksemda sitt namn

NDLA

1.2 Protokollfører sitt namn

Marte Hustveit Hauge

1.3 Kort utdjupeing av kva som skal anskaffast, med tidspunkt for gjennomføringa/varigheit

Minikonkurranse 1- språktenester

Språktenester knytt til:

- Yrkesprogrammet Service og samferdsel
- Programfaget Biologi 1
- Matematikkfagene
- Kokk og servitør vg 2
- Elektrofag vg 1
- På nett-redaksjonen

1.4 Anslått verdi på kontrakten *(skal avklarast før førespurnad sendast ut)*

1.5 Informer om dei tiltak som vert gjennomført for å sikre reell konkurranse om kontrakten, og namn på leverandør(ar) som har levert tilbod

Amesto Translations AS og Semantix AS inngav tilbod på alle seks pakkane. Arkitekst AS inngav tilbod på pakke a og pakke e.

1.6 Dersom det ikkje skal gjennomførast konkurranse om kontrakten, gi konkret grunngjeving

1.7 Namn, adresse og organisasjonsnummer på valt leverandør

Fag/redaksjon	Vinnande leverandør
a. Yrkesprogrammet Service og samferdsel	Arkitekst AS
b. Programfaget Biologi 1	Semantix AS
c. Matematikkfagene	Amesto Translations AS
d. Kokk og servitør vg 2	Semantix AS
e. Elektrofag vg 1	Amesto Translations AS
f. På nett-redaksjonen	Amesto Translations AS

1.8 Kort grunngjeving for val av leverandør og kontraktsverdi

Pris:

I evalueringa vart prisane og karakterane frå evalueringa av rammeavtalane nytta. Det vil seie at Amesto fekk karakteren 6, Semantix karakteren 5,84 og Arkitekst karakteren 4,5.

Leveringstid:

Tilbydarane hadde tilnærma lik garantert leveringstid på eksempeloppgavene når det gjeld pakkane a til e. Alle er difor gjeve karakteren 5 på dette punktet.

Når det gjeld pakke f, hadde Amesto betre garantert leveringstid enn Semantix. Amesto har difor fått karakteren 6 på denne pakken, mens Semantix har fått karakteren 5.

Ressurspersonar si kjennskap til fagområdet:

Arkitekst tilbaud under pakke a ein ressursperson som har arbeida med denne redaksjonen i fleire år, og som difor har opparbeida svært god kjennskap til fagområdet. Arkitekst fekk difor karakteren 6 på denne pakken. Amesto og Semantix har begge tilbode ressurspersonar med noko erfaring frå relevante fag, og får difor karakteren 4.

Semantix tilbaud under pakke b ein ressursperson som har jobba med oversetjing av 20.000 artsbeskrivelser innan biologi, og i tillegg har oversett medisinske tekstar, og får karakteren 4. Amesto har tilbydd ein ressursperson som og har erfaring med oversetjing av medisinske tekstar/oppgåver, og får karakteren 3.

Når det gjeld pakke c har både Amesto og Semantix tilbydd ressurspersonar som har noko relevant erfaring med oversetjing innan matematikk. Erfaringa er vurdert å vere like sterk, og begge har difor fått karakteren 4.

Semantix tilbaud under pakke d ein ressursperson som har erfaring med oversetjing av dokument innan faget Kokk- og servitørfag, i tillegg til erfaring med matrelaterte oppdrag for andre kunder, og har fått karakteren 4. Amesto tilbaud ein ressursperson utan konkret relevant erfaring, og ein sekundærressurs som har vore medforfattar på lærebøker innan hotell- og næringsmiddelfag. Amesto har fått karakteren 3.

Når det gjeld pakke e har alle tre tilbydarar tilbydd ressurspersonar med erfaring som er noko relevant for faget. Kjennskapen til fagområdet er vurdert å vere lik for alle tre ressurspersonane, og alle er gjeve karakteren 3.

For På-nett-redaksjonen har Amesto tilbydd ein ressursperson med generelt særs brei erfaring, og konkret erfaring med oversetjing av oppgåver i matematikk, medisinske tekstar og skulebøker til vidaregåande skule. Semantix har ikkje oppgjeve ein konkret ressursperson. Amesto får difor best karakter på pakke f.

1.9 Dersom relevant, andre vesentlege forhold og viktige avgjersler som er av betydning for konkurransen

1.10 Dato og protokollfører sin signatur

29.04.14 Marte Hustveit Hauge